



HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 74



NR. 02 JUL 2021



*Midt i hårdest vinter skjedde det en gang:
Som i jern lå jorden under vindens sang,
sneen la et teppe over iskald jord,
midt i hårdest vinter ble Maria mor.*

*Hva kan jeg vel bringe med meg inn til ham?
Hvis jeg var en hyrde, gav jeg ham et lam,
hvis jeg var en konge, gav jeg gull. Men nå?
Hva har jeg? Mitt hjerte skal han få.*

T: Christina Rosetti ca. 1870
O: Svein Ellingsen 1986
NoS nr. 55 v 1 og 4.

God jul!

Joleklokker over

Per Inge Hove (kantor i Ytrebygda, Fana)

Ein vårdag i 1945 høyrde oldemora til mine born kyrkjeklokker. Desse hadde stort sett vore stille i fem lange år, så det var difor naturleg å legge alt arbeid til sides for å sjå kva som stod på. Då kunne ho sjå det norske flagget som vart heist utanfor kyrkja. Freden var komen.

På ein veglaus gard på Strendene i Vik hadde ikkje folket høve til å gå til kyrkje i jula - det var is på fjorden og langt til kyrkja. Men klokka fem på julafstan gjekk familien ut på trappa for å høyre kyrkjeklokkene kime jula inn på andre sida av fjorden.

Opp igjennom historia har kyrkjeklokkene varsle katastrofar og gledesbod. Det er kanskje lett for oss å gløyme, men kyrkjeklokkene har hatt ein viktig samfunns- og religiøs funksjon. Og når klokkene kimar mellom klokka fem og seks på julafstan, er det ikkje først og fremst på grunn av tradisjon. Klokkene kimar for å knyte oss saman og spreie bodskapen om Jesu fødsel, uavhengig av livssituasjon, nasjonalitet og språk.

Presten Anders Hovden
forfatta salmen Joleklokkor

yver jordi i 1923. I tillegg til å vere salmediktar, sat Hovden òg i redaksjonen til Nynorsk salmebok (1925) saman med biskopane Peter Hognestad og Bernt Støylen. Hovden skal ha sagt at "Hognestad var kald og klok, Støylen var varm og klok. Sjølv var eg berre varm." Då Per Sivle tok livet sitt i 1904, som fylgle av kronisk hovudverk, avhengig først av morfin og seinare alkohol etter legane sine anbefalingar, nekta Hovden å forholde seg til sedvane: då den lokale presten ikkje ville halde gravtale på grunn av dødsårsaka, såg Hovden mennesket, reiste seg i kyrkjebenken og heldt tale for venen sin. Varme skal ikkje undervurderast.

Denne salmen er nettopp prega av kyrkjeklokkene sin funksjon, fellesskapet dei representerer og jula sitt innhald for kvart einaste menneske både i sorg og glede - noko fleire av oss kan kjenne på i denne høgtida. I kombinasjon med Rikard Nordraak (komponisten til Ja, vi elsker) sin melodi, er dette etter mi meining ei av dei flottaste julesalmane vi har. Og innhaldet er ikkje mindre aktuelt i dag enn då salmen var ny for nesten hundre år sidan.

jorda

Mi anbefaling i år er difor å opne vindauga klokka fem på julaftan og ha salmeteksten framfor seg eller friskt i minne. God jul!

*Joleklokker over jorda,
ring no høgt frå tårn og tind,
ring no ut dei sæle orda:
Fred frå Gud i alle sinn!
Klokker vidt om verda kime
mildt til alle hjarto ned.
I vår Frelsars fødselstime,
arme jord, ha jolefred!*

*Fader, send din fred til alle
dei som sit i sorg og sut,
ljose himmelklokker kalle
dei frå lidingsnatta ut!
Vis: På jorda alle stader
bur ei ætt av same blod,
kjøpt til born av same Fader,
sysken, eitt i hug og mod.*

*Send oss, Gud, din kjærleiks Ande,
gjer det mellom kristne greitt,
knyt i nåde syskenbandet,
samanbind oss rett til eitt!
Våre stridar må du jamna,
småleg kiv og ovunds ferd,
alle kristne sysken samna
til ein samlynd Herrens hær!*



EI KROOPPSLEG JUL

Det vart ein underleg julafstan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli godt mottatt.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.



Gud sokjer oss som heile menneske, så la oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julafstan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!

Kor har eg lagt dåpskjolen, tru?

Om me seier Barnedåp, kva tenkjer du då?

Kanskje kyrkje, familie, småborn og tradisjon? Eller kanskje «korleis skal eg rekka å bli ferdig med dåpskjolen» eller «kven i familien var det som nytta dåpskjolen vår sist?»



Barnedåp har lange tradisjonar i landet vårt, og det har også pynting av dåpsbarnet. Når no Hovemadonnaen kjem heim til Vik i mai, ønskjer Vik husflidslag å bidra til feststemning i bygdi med å skapa til ei dåpskjole-utstilling i kvite-kyrkja. Tenk på alle dei flotte dåpskjolane og dåpshuene som det er lagt ned timevis med arbeid i, og som berre får skina ein dag i ny og ne!

No vil dei fram i lyset, og skina i lag! Vik husflidslag i samarbeid



med Vik kyrkje organiserer innsamling, utstilling og vakthald. Så håpar me at både dåpsklutar, som nokre kallar bringeklut, dåpstepper, dåpskjolar og bittesmå dåpshuer kan få visa seg fram i Madonna-helgi, 20-22 mai. Dette vert ei festutstilling berre om du finn fram det du har av dåpsklede, vaskar, stryk og stivar, og lar Vik husflidslag låna utstyret ei helg. Saman med dåpskleda ønskjer me oss at du legg ved litt informasjon -kven har laga, omrent når vart dei laga, kven er døypt i desse kleda, kven er eigar no, osv. Altså det du veit, dersom du veit. Og me blir glade for både gamle og nye dåpsklede. Det vil syna oss utvikling i tradisjonen.

Korleis gjer me dette?

Du tek kontakt med oss på epost vikhusflidslag@outlook.com eller ringjer Lenie på 99161398 no før jul, og seier kva dåpsklede du har, som kan stillast ut. Dei må vera handlaga, ikkje masseprodusert på fabrikk, for å få vera med på festen. Slik kan me planleggja utstillinga. Om dette tek heilt av og me får tilbod om å stilla ut meir enn det er plass til i kvite-kyrkja, så kan me ikkje lova plass til alle.

I slutten av april 2022 får du beskjed om kva tid og kor du skal levera dåpskleda, og korleis dei må merkast.

Vik husflidslag lagar utstillinga og saman med Vik kyrkje held me vakt i opningstida for utstillinga. Alle skal vera heilt trygge på at dei får sine dåpsklede med seg heim att etter at utstillinga er avslutta.

Vik husflidslag

La Grace få fylle fem år



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gave og ein nåde, fortel den stolte mora.

Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av morskjærleik og nærliek etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

*Av Anette Torjusen
Foto: Håvard Bjelland*

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg. Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde forestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsecenteret Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som dør før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt

oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vondt.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykkel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødinger etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Hilal Wasil er jordfar på fødeavdelinga ved helsecenteret som Kirkens Nødhjelp har bygd. Her sjekkar han at alt står bra til med Grace etter fødselen nokre timer tidlegare.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemد



og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte legge ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nysfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødde i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nysfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

-Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248

Kyrkjeverje Ingvar Vangsnes



Ingvar Vangsnes byrja som kyrkjeverje i Vik i august 2011. Han sa opp stillinga si frå 1.mai 2021, men heldt fram i 50 % stilling til ny kyrkjeverje var på plass.

28.sept. var det fellesmøte for sokneråda i Vik i Kyrkjestova. Då vart Ingvar takka for tenesta av fellesrådsleiar Leif Eikeland, som overrekte blomar og gávekort.

Leif Eikeland overrekte gáve til Ingvar Vangsnes

Ny kyrkjeverje Marit Johanne Andersen



Marit Johanne Andersen byrja i 50% stilling 1.okt. Ho har kontortid mandag, tysdag og annankvar onsdag.

Velkommen!

Konfirmasjon høsten 2021

VIK KYRKJE 28.AUG.



Framme frå v.: Rasmus B. Rustad, Marte Bø, Ingrid Vangsnes, Kaja Hegerland Bak : Magnus Stadheim Engesbak, Gjørar Stadheim Engesbak, Espen Larsen Fjellheim, Andreas Helgesen.



Framme frå v. : Ingeborg Indrehus, Rasmus B.Rustad, Louise Bryn Nummedal Bak: Asbjørn Liljedahl Øen, Tor Helge Skjerven, Ivar Høyum Hove, Håkon Ruud Solberg

Arnafjord kyrkje 29.aug.



Susanne Victoria Olufsen Storli

Vangsnes kyrkje 4.sept.



Framme: Rasmus B. Rustad, Aleksandra Nadolska Midttun Bak : Joakim Tistel Grov , Sander Halset.

Konfirmasjon hausten 2021

Vangsnes kyrkje 4.sept.



Frå vestre: Julian Øksdal, Rasmus B. Rustad, Madelen Fosse Skagen, Daniel August Vangsnes.

Fresvik kyrkje 5.sept.




Therese Settevik Bakken og Rasmus Bolstad Rustad

Vik kyrkje 11.sept.



Framme frå v.: Susanne Tenold-Saglien, Robin Holen Årevik, Rasmus B. Rustad Bak: Hans Pedersen Grønningsæter, Anders Engan, Jon-Kristian Pasqual Stadheim



Framme frå v.: Synne Ming Fosse, Rasmus B. Rustad, Ida Tveite Bak : Fabrice Nahayo Niyomwungere, Jon Bjarte Rinde, Joar Halset.

Konfirmasjon høsten 2021

Feios kyrkje 12.sept.



Framme: Rasmus B. Rustad, Lars Brekke
Bak frå v.: Kristina Fedje, Julia Engan Pettersen, Emily Burbridge Rinde.



Musikk i Feios v/ Vilde, Tobias & Dora



Susanne song i fleire konfirmasjonar



Mari og Endre stod for musikkinnslaget i Arnafjord.



BARNAS SIDE

Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gjøymt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S

Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra.
(Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Finn fem feil

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00.



Glimt frå Trusopp-læringa hausten 2021

Frå Vik sokn



Biletet viser dei fleste som var med den dagen.

3 års fase

Tysdag 5.okt. vart treåringane med familie inviterte til «Krøllesamling» i Vik kyrkje.

Fortellinga om den bortkomne sauен vart dramatisert, vi song og treåringane fekk kvar si bok og eit koselam.

4 års fase

På hausttakkefesten 10.okt. fekk 4 åringane si bok.



Biletet viser dei som kunne møte denne dagen.

6 års fase

På gudstenesta 21.nov. var 6 åringane inviterte til å få si bok. Dei hadde også ei samling nokre dagar før i Kyrkjestova og kyrkja. På gudstenesta dramatiserte dei teksta som presten, Geir Sørebø skulle preike over ; Om Bartimeus og Jesus. Det var ekstra kjekt at det var tre dåpsbarn i denne gudstenesta. Alle inviterte 6 åringar fekk si bok enten torsdag eller søndag.



Bilete viser nokre av dei 6 åringane som kunne møte søndag.



For 25 år sidan

Vik Barnekor på Triangelfestival

Vik Barnekor fekk vere med på gudsteneste i Stedje kyrkje.



Søndag 17. nov. reiste ca. halvparten av medlemane i Vik Barnekor saman med ein del foreldre til Sogndal på Triangelfestival i regi av Sogn krins av Norges KFUK/KFUM. Festivalen byrja med familiegudsteneste i Stedje kyrkje, og vi fekk vere med og opptrer.

Etterpå var det matservering i Stedjetunet og tid til litt frisk luft og leik. Så var vi samla

saman med 4 andre barnekor til øving i Stedje kyrkje. Det vart gjort CD-opptak med både kor og solistar. Dei som var med får kjøpe CD-en før jul. Til slutt framførde vi bar nemusikalen «Daniel i Løvehulen» saman med Ivar Skipervold.

Det var kjempekjekt å synge i det store koret med ca. 125 songarar, og ikkje minst å få sitje i kyrkja å sjå og høre på. Ein fin dag

som vi vil sjå tilbake på med glede lenge. Kanskje vi i Vik får besök av Ivar Skipervold til våren.



Ivar Skipervold framfører «Daniel i løvehulen» saman med det store barnekoret på Triangelfestivalen.

Mariahelg på Alværa misjonssenter, Lavik 2022

4.-6.mars 2022, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat. Sidan det ikkje vart noko av den planlagte Mariahelga i 2021, kører vi same tema som var planlagt i fjor; «Berekraft».

Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.



Spørsmål om helga/program -ta kontakt med Hanne Bildøy
tlf 996 10 528,
epost hanne@bildoys.no

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.
Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no




Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

**Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller
VIPPS valgfritt beløp til 13130**





Meldingar:

JULEFEST FOR SMÅ OG STORE

Vert tradisjonen tru arrangert i Kyrkjestova 3.juledag, mandag 27.des. kl.16.00.

Det blir servering, gang kring juletreet, englelotteri m.m. Fri inngang.

Hjarteleg velkomne!

Vik sokneråd

BLADPENGAR HELS- ING FRÅ KYRKJA

Vi hadde ikkje frimod til å legge bankgiro i kyrkjebladet for 2021. No finn du ein giro-blankett i dette bladet, og vonar du vil betale Kr.150.- for 2021/2022 om du bur i Vik og kr. 200.- om du bur utanbygds.

På førehand TAKK til alle som betalar!

Kirsti Jelle Hopperstad
- Bladstyrar -

16

SOKNEPREST Karen Helene Bøhn Melhus har fødselpermisjon fram til Jan. 2022. Då går Rasmus Bolstad Rustad ut i pappapermisjon. I haust og fram til nyttår er det Geir Sørebø som er vikar for soknepresten.

Vi veit enno ikkje kven som blir vikar for Rasmus etter nyttår.

Minnegudstenester

I fjor fekk vi ikkje halde Helgemesse /Minnegudsteneste på grunn av Korona-restriksjonar.

Derfor hadde vi minnegudsteneste i alle sokn i november i år.

Gravplass- vedtekter for gravplassane i Vik kommune

Vik kyrkjelege fellesråd har vedteke å sende framlegg til vedtekter ut på høyring i Sokneråda og til innbyggarane i kommunen.

Vedtekene er å finne på heimesida www.vik.kyrkja.no. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du vil ha desse tilsendt eller utlevert.

Høyningsfrist er satt til 1.2.2022

Døypte:

Vik:

- 20.06.21. Malin Tistel Berg
 04.07.21. Ida Bell Olsen
 15.08.21. Agnes Andersen Stadheim
 Hannah Seljestø Hauge
 09.10.21. Selma Dahle Mykkeltvedt
 Andreas Stadheim Bjørkelo
 10.10.21. Lilly Margrethe Rustad
 Melhus
 21.11.21. Kåre Ranes Stadheim
 21.11.21. Håkon Matre Stadheim
 21.11.21. Mariell Bakkebø Skogsrud

Fresvik:

- 11.07.21. Johanne Sæverås Farstad

Feios:

- 11.07.21. Marius Sviggum Hjortland
 Markus Sviggum Hjortland
 13.11.21. Thea Oline Rinde Berdal



Døde:

Vik:

- 18.06.21. Anna Seljestø
 Fjærstad f. 1925
 22.06.21. Rune Målsnes f. 1964
 23.06.21. Ragnhild Hopperstad f. 1933
 25.06.21. Guri Sandvoll f. 1932
 11.07.21. Aslaug Noss f. 1938
 14.07.21. Nils Egil Sandvoll,
 Voss f. 1958
 27.07.21. Jon Grønsberg f. 1939
 06.08.21. Ingebrigt Halrynjø f. 1926
 09.08.21. Marta Hove Seljestø f. 1923
 13.08.21. Annlaug Lilleøren f. 1932
 03.09.21. Gunnvor Aarestrup f. 1937
 12.10.21. Magnhild Hønsi f. 1929
 24.10.21. Aud Marie Bang-Olsen
 f. 1934
 07.11.21. Olav Risløv f. 1983

Fresvik:

- 02.07.21. Kjellaug Hov f. 1926
 02.07.21. Petra Bøtun f. 1927

Feios:

- 07.07.21. Arne Sæterlid f. 1936
 17.10.21. Malvin Hove f. 1935
 05.11.21. Anne Marie Sæterlid f. 1942

Vangsnes:

- 12.11.21. Ragnar Sunde f. 1931

MINNEGÅVER

Hjarteleg takk for minnegåver til Vangsnes kyrkje ved Bjarne Sylvarnes sin død.

Vangsnes sokneråd

Hjarteleg takk for minnegåver til Vik kyrkje ved Ingebrigt Halrynjø sin død.

Vik sokneråd

GÅVER

Hjarteleg takk for gåver i 2021 til Trusopplæringa i Vik !

Sokneråda i Vik

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Marit Johanne Andersen

epost:

marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 479 77 806

mobil 906 86 227

KONTORTID

mandag, tysdag,
annankvar

onsdag kl. 10.00-15.00

Sokneprest i Vik, Vangsnæs og Arnafjord

Karen Helene Bøhn Melhus

e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

mobil 468 89 980

Prostiprest Feios og Fresvik

Rasmus Bolstad Rustad

mobil 977 38 134

e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

Kyrkjelydspedagog - vakant stilling

Tove Sortevik Geithus vikar

mobil 908 09 113

Kyrkjelydssekretær

Kirsti Jelle Hopperstad

mobil 911 01 653

e-post: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

onsdag og torsdag
kl. 10.00-15.00

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnæs

Jonathan Nahayo

mobil 941 71 504

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikelund

mobil 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

Organist

Dora David

mobil 975 23 903

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Vik:	Reidunn Bolstad,	905 33 581
Arnafjord:	Ola Engum,	975 34 827
Vangsnæs:	Erlend Hanekam,	416 34 981
Feios:	Monica Feidje Midlang,	951 72 583
Fresvik:	Marianne Bøthun,	938 46 851

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Leif Eikeland

tlf. 908 68 520

Utleige Kyrkjestova:

Olav Martin Hove

tlf. 901 12 448

Kirsti Jelle Hopperstad

tlf. 911 01 653

VELKOMIEN TIL KYRKJE

12. des.	kl. 11.00	Vik kyrkje Adventsgudsteneste v/ Geir Sørebø. Takkoffer.
24.des., Julaftan <i>Luk 2,1-20</i>	kl. 14.00	Fresvik kyrkje Julegudsteneste v/ Ole Agnar Helland. Takkoffer
	Kl. 14.00	Vangsnes kyrkje Julegudsteneste v/ Rasmus B. Rustad. Takkoffer
	Kl. 16.00	Vik kyrkje. Julegudsteneste v/ Rasmus B. Rustad. Takkoffer
25.des., 1.juledag <i>Joh 1,1-14</i>	kl. 12.00	Vik kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ Rasmus B. Rustad. Nattverd. Takkoffer
	Kl. 16.00	Arnafjord kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ Rasmus B. Rustad. Nattverd. Takkoffer
26.des., 2.juledag	kl. 12.00	Feios kyrkje Høgtidsgudsteneste v/ Rasmus B. Rustad. Nattverd. Takkoffer
31.des., Nyårsaftan <i>Matt 11,25-30</i>	kl. 16.00	Vik kyrkje Nyårsmesse v/ Rasmus B. Rustad
9.jan., 2.s.i openberring <i>Joh 1,29-34</i>	kl. 11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer
16.jan., 3.s.i openberring <i>Joh 1,15 -18</i>	kl. 11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer
23.jan., 4.s. i openberring <i>Luk 13,10-17</i>	kl. 11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer
6.febr., 6.s.i openberring <i>Mark 13,21-27</i>	kl. 11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnæs og Vik
TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger
BLADSTYRAR : Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR : Sylvi Nummedal
BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMEN TIL KYRKJE

6.febr., 6.s.i openberring <i>Mark 13,21-27</i>	Kl.16.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer
	Kl.11.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ Takkoffer
13.febr. Såmannssøndag <i>Matt 13,24-30</i>	kl.11.00	Vangsnæs kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer
20.febr., Kristi Forkl.dag <i>Luk 9,28-36</i>	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer
	Kl.11.00	Feios kyrkje Gudsteneste v/ Takkoffer
6.mars , 1.s.i fastetida	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer
	Kl.16.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer
13.mars, 2.s.i fastetida <i>Luk 13,22-30</i>	kl.11.00	Vangsnæs kyrkje Gudsteneste v/ Karen Helene Bøhn Melhus. Takkoffer

Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.

KYRKJESKYSS:

- Vik:** Ring Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag før gudstenesta)
- Vangsnæs:** Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981
- Feios:** Ring leiar Monica Feidje Midlang 951 72 583
- Fresvik:** Ring Marianne Bøthun 938 46 851
- Arnafjord:** Ring leiar Ola Engum 975 34 827